



## Referat møte i Team Hardanger(TH), onsdag 28.04.2025

### Møtte:

Lisbeth B. Celik, Eidfjord kommune - Leiar  
Jan Tjosås, Kvam herad  
Mona Hellesnes, Ulvik herad  
Randi Rykkje, Ullensvang kommune  
Christel Johansen Kvamme, Ullensvang Næringshage  
Andreas Skogen, Visit Hardangerfjord  
Ann Irene Myrheim, Hardangerrådet iks  
Trude Rinaldo, Hardangerrådet iks

### Saksliste:

#### 1. Ny dagleg leiar Ann Irene Myrheim om Hardangerrådet

Når det gjeld Turistbåtruta 2025, så er den redda. Men kva som skjer i 2026, 2027 og i framtida er uvisst. Regionen må starta arbeidet med dette no.

Hardangerrådet arbeider med framtidig strategi og omorgansiering. I dette arbeidet ligg også korleis TH skal organiserast.

Hardangerrådet iks har søkt to store prosjekt:

- Bustadprosjekt
- Saman for Hardanger

#### 2. Bustadmangel - stoppar utvikling i regionen vår.

Kva må til for å få bustadbygging i Hardanger? Me vil ha handlekraft!

### Kvam:

Lite bygging akkurat no.

Airbnb trykket er ikkje nok ikkje like markant i Kvam som andre deler av Hardanger. Ellers så er det ein bustadmarknad med sirkulasjon.

Det er prosjekt på gang, private initiativ både i Øystese og Norheimsund.

### Ulvik:

Har prosjekt med utbyggjar om 3 tomannsbustader på kommunal tomt. Eit OPS prosjekt.

Ny byggesøknad på gamle sjukeheim, prosjektert med 18 leiligheter.

Ny reguleringsplan for sentrum, inkl gamle pallefabrikken, def til bustader.

Kommunen har auka opp startlån, for å ha tilgjengeleg ressursar når husvære kjem på marknaden.

Det har ikkje vore bygd nytt på lenge. Kommunen har 18 leiligheter brukta til omsorgsbustader.

Veldig mange tilbyr Airbnb i Ulvik, og kommunen slit med å finna bustad til flyktningar og næringar til sesongarbeidarar.

Ulvik hotel er til salgs. Det er moglegheit for at det vert omgjort til bustader.

Landbruk, fagskule og reiseliv har saman drøfta utfordringa med mangel på bustader/hyblar.

Kan dei saman finna løysingar?

### Ullensvang:

Totalt 4 prosjekt som er i prosess med 95 einingar: 20 varierte einingar på Aga; 21 på Godsterinalen; 21 Snegebekk i Eidesbråtet; 33 på Domustomta.

Dialog mellom kommune og vgs vedrørande studentbustader på Eie.

Kva behov har ein eigentleg i Ullensvang: treng i alle fall 100 sesongbustader. Kan ein her sjå nytten på tvers av offentleg og privat?

## **Eidfjord**

Kommunen er med på samarbeid om å byggja 6 bustader.  
Næringsa har sjølv teke initiativ til å skapa bustader til sine behov.

### **3. Arbeidstad der du vil! Fjernarbeid**

Prosjektet er no i Fase 2 og har gjennomført intervju og mykje av forskinga. Det skal skrivast ein rapport, som kjem i juli/august.

Framover vil me igang med tiltak for å utvikla samstadsarbeid og fjernarbeidspolitikk gjennom dei 5 anbefalte tiltaka. Det er omsøkt midlar til dette arbeidet.

Tiltaka er:

1. Utvikla samstadsarbeid (Cowroking) i kontorfelleskap
2. Auka inkludering av fjernarbeidara
3. Rådgjeving av skuleelevar om utdanningmoglegheiter og arbeidsform
4. Kompetanseutvikling/kurs. F.eks i nye leiarkonsept; teknologi
5. Marknadsføring og profilering

### **4. Besøksforvalting; Reisemålsstrategi; Berekraftig reisemål sertifisering.**

Det er sikra finansiering og Margit Lund-Mikkelsen er tilsett 100% som prosjektleiar for "Regional reiselivsstrategi for Hardangerfjorden". Ho tek til 2.mai 2025.

Dei har også signert avtale med MIMIR, som vert med som støttespelar i hovudprosjektet som ekstern fasilitator og kvalitetssikrar.

Prosjektperioden med involvering mai 2025 - mai 2026.

Menon skal gjera ein omfattande ringverknadsanalyse for reiselivet med mål å finna ut effekten av reiselivet for Hardanger.

Visit søker no IN om finansiering til arbeid med sertifisering av "Berekraftig Reisemål Hardanger". Dette er ikkje eit arbeid som sluttar etter implementering. Vil Visit Hardangerfjord trenga fleire ansatte?

Marknadsføring av arbeidet skal gjerast gjennom ei nettside, med løpende informasjon til alle, også kommunane. Saksess er avhengig av at alle aktørane også skjønar kor viktig dette er. Målet er å koma igang med sertifiseringsarbeidet "Berekraftig Reisemål" i 3. kvartal 2025.

Visit skal senda løypemelding til TH og Hardangerrådet i neste veke, når dei er igang.

Hardanger må sjå på totalen. Gjennomførte tolegrenseanalysar må takast hensyn til. Planverket i heile Hardanger må ta innover seg reiselivsutviklinga.

Arbeid med sertifiseringa "Berekraftig reisemål for Hardanger samla" krev høg involvering av kommunane med ressursar og pengar. Meir i starten, men ordninga skal vera for alltid.

Viktig at aktualiteten og forankringa når inn i kommunane, næringa og regionen. Her er forankring viktig politisk, men kanskje endå viktigare hjå rådmenna.

Viktig påminning er at det må vera gjennomført sak og vedtak i kommunane om pengar og ressursar før arbeidet startar.

**Team Hardanger ber om at denne saka vert teken opp i fellesmøte 5. juni:**

- Har kommunane i sine administrasjonar ein kommunal ledelse for reiseliv og berekraftsmålet. Kommunane er ulikt organisert. Kven skal inn i arbeidet om besøksleiing?

## **5. Rekrutteringsprosjektet**

Status i prosjektet v/ prosjektleiar Christel Johansen Kvamme  
Me fekk også sjå den nye nettstaden som skal lanserast snarleg: "Vlkallar"

Prosjektet er ferdig september 2025. No er arbeid i gang for vidareføring.  
Det vert styringsgruppemøtet i juni og dei vil i etterkant oppdaterer Team Hardanger.

## **6. Rollefordeling i Hardangerregionen**

Dette arbeidet kjem ein tilbake til. Viser til innleiinga frå dagleg leiar i Hardangerrådet iks.

## **7. Møteplan 2025 Team Hardanger**

- 05.06.2025 Fellesmøte med Rådmannsforum og Hardangerrådet. Nestleiar Randi Rykkje møter på vegne av TH etter lunsj denne dagen.
- 22.09.2025 Team Hardanger Stad: Næringshagen i Ullensvang. Avtalt
- Des 2025: Det skal vera eit fellesmøte med Rådmannsforum og Hardangerrådet i desember, der TH også vert invitert til deler av møtet. Dato kjem snarleg.

## **8. Ymse**

- Kva Karrieremesser i 2026 skal TH delta på? Regionale/Nasjonale/Internasjonale**

Forslag: Invitera aktuelle klassar i høgare utdanning til møte om moglegheiter i vår region.

Dagleg leiar Hardangerrådet skal ha møte med Framtidsfylke i neste veke der dette er del av agendaen.

Kompetansekartlegginga som Hardanger og Voss gjennomførte i 2024 kan vera grunnlag.  
Ber Sofie Torleis Olsen sei noko om dette på neste møte i TH

- Felles satsing for Hardangerfrukt?**

Hardangerfjordfrukt. Kobling distribusjon og dyrkar.  
Korleis styrkja posisjonen til Hardangerfrukt i Norge? Kan me laga eit fellesprosjekt med fruktlagra i Hardanger, Siderprodusentlaget, landbruksjefane og andre aktuelle?

Landbruk er del av beredskapen.

Kven tar dette vidare? Initiativet må koma frå Hardangerrådet og ein samla region til næringa.

- Kommunane har fått brev frå vegadministrasjonen i fylket**

Her seier dei at det no ikkje lenger er lov å henga opp bannerar langs fylkesvegane i Vestland. Kva gjer me med dette?

Kinsarvik 05.05.2025  
Lisbeth Bygstad Celik/s  
Leiar

Trude Rinaldo  
Sekretær